

Aktivitetsplan Fjord næringsforum 2023

Fjord næringsforum vart oppretta i 2012 og er eit forum for bedrifter på Indre Sunnmøre der bedriftene samarbeider om nettverksbygging, kompetanseheving, marknadsføring og utvikling. Vi har 73 medlemsbedrifter frå bygdene i Fjord kommune, i tillegg til Liabygda og Geiranger. Medlemsbedriftene er frå alle bransjar. Forumet vert drifta av Fjordhagen AS som jobbar med dei aktivitetane som er bestemt i aktivitetsplanen etter innspel frå medlemsbedriftene.

For å vere med i Fjord næringsforum betalar bedriftene 3500 kr per år + mva.

Nettverksbygging og kompetanseheving

Næringsforumsmøter og temamøter

Vi arrangerer to næringsforumsmøter per år (eitt på våren og eitt på hausten). Møta vert gjennomført som hybride møter der ein kan delta både digitalt på Teams og fysisk. Møta er for alle medlemsbedrifter på tvers av bransje, og politisk og administrativ kommunaleiing vert invitert. Fast sakliste er:

- Kort runde med nytt frå bedriftene
- Kort runde med dialog/info om aktuelle saker/planar kommunen arbeider med
- Status på innmeldte saker/tema og innspel til nye saker/tema som bør takast tak i

Vi arrangerer temamøter etter behov og innspel frå medlemsbedriftene. Per no er det to forskjellege temamøter på gang, eitt for koordinering og samarbeid mellom serveringsbedrifter, og eitt for campingplassar. Vi har også fått innspel om å ha temamøte for bustadbygging- og leige.

Næringspub

Vi arrangerer to næringspubar per år, ein på vårhalvåret og ein på hausthalvåret. Her møtest vi fysisk ute på ei medlemsbedrift der to bedrifter presenterer sine spennande satsingar/utviklingsprosjekt, vi får eit inspirasjonsinnlegg frå nokon utanfrå, et ein god middag saman og har uformelt sosialt samver. Deltakarar betalar ein hyggeleg pris for mat, og betalar drikka sjølv.

Kompetanseheving

Næringsforumsbedriftene spelar inn sine kursbehov til Fjordhagen som undersøker om det er andre bedrifter også som er interessert. Dersom det er stor nok interesse kan kurs arrangerast lokalt, og i nokon tilfelle kan vi også vere med å finne midlar til å finansiere kursa gjennom fylkeskommunen sine BIO-midlar (Bedriftsintern opplæring), staten si Kompetansepluss-ordning etc. I fleire tilfelle har våre eigne bedrifter stilt opp og hatt praktiske minikurs/erfaringsdeling/veiledning på tema dei er gode på, td. sosiale media.

Lærlingsatsing

Vi har fått innspel om å lage ei lærling-satsing, der ein ser på korleis ein kan samarbeide på tvers av bedrifter for å skape godt sosialt miljø for lærlingane her inne i fjorden.

Marknadsføring

OpplevFjord.no

Etter eit næringsforumsmøte med kommunen våren 2021, og politisk behandling i etterkant vart det bestemt at Fjord kommune etablerer ein nettportal OpplevFjord.no som skal marknadsføre kvalitetane ved lokalsamfunnet vårt, med spesielt fokus på næringsutvikling/næringsliv. Fjord næringsforum skal vere med å finansiere drifta av portalen, mellom anna med å lage næringsrealerte artiklar og innhald, og oppdatere oversikt over næringsliv og ledige stillingar. Alle medlemsbedrifter i næringsforumet får

- Utvida presentasjon på næringslivsoversikta med bilde, kontaktinformasjon, kort info om verksemda og lenke til eiga nettside
- Utarbeidd ein artikkel under «aktuelt i Fjord»

Portalen er også «innmaten» i ein utendørs digital informasjonsstader som står på det nye informasjonstorget på Syltetorget i Valldal. Dette er ein del av tettstadutviklingsprosjektet og vil seie at alle som både bur her og besøker Syltetorget når som helst kan finne ut av kva som fins av opplevelingar, handelstilbod, overnatting, servering og anna næringsliv. Handle lokalt-filmen som vart laga i regi av næringsforumet er også publisert på portalen.

Aktivitet/arrangementskalender

Alle frivillige lag/organisasjonar og bedrifter i Fjord kommune kan melde om sine planlagde arrangement til Frivilligsentralen som legg det ut på Fjord kommune sin arrangements-kalender som også vert synleg på OpplevFjord.no . Dette er gratis. Vi vil oppmøde alle bedrifter om å gjere dette for alle arrangement så langt fram i tid som mogleg. På denne måten får vi alle ei god oversikt over kva som skjer når, og kan ta kontakt med kvarandre og samarbeide om å marknadsføre/pakke/koordinere aktivitetar som td. skjer same helg. Arrangement kan også meldast inn direkte her: <https://opplevfjord.no/meld-inn-arrangement/>

Aktivitetar/arrangement vi ønsker tilbakemelding om er veldig breidt/vidtfemnande. Det kan vere opplevelingar, konserter, handelsdagar, marknadsdagar, adventsarrangement, julebordsarrangement, juletresalg, open gardsbutikk, «opa bedrift»/visningsdag med meir.

Infoskjermar

Vi har per i dag 14 infoskjermar plassert ute hos medlemsbedrifter i næringsforumet. Alle medlemsbedrifter i næringsforumet kan få publisert sine plakatar på skjermene. Dei bedriftene som har skjerm får 500 kr i rabatt på medlemskapen i næringsforumet, og kan i tillegg publisere så mange plakatar dei vil på eigne skjermar. Plakatar utarbeidast i PowerPoint og sendast Fjordhagen som legg dei ut på skjermene. Alle plakatar viser 15 sekund og ny visning ca kvart 10.minutt så lenge skjermene er på. Frivillige lag og organisasjonar kan få publisert sine plakatar gratis. Eksterne annonsørar kan også annonsera, dei kan ta kontakt med Fjordhagen for tilbod.

Rivekart

Etter innspel frå medlemsbedrifter og søknad til næringsfondet i 2021 fekk vi utvikla eit rivekart med oversikt over overnattingsstader, serveringsbedrifter, aktivitetar og attraksjonar i Fjord kommune. Dette vert oppdatert og trykt opp att i forkant av kvar sommarsesong. Kartet kan også lastast ned digitalt via QR-kode og det vil også bli tilgjengeleg for nedlasting på OpplevFjord.no Oppføring på rivekartet er kun for medlemsbedrifter i næringsforumet.

Digital førstehjelp

Vi kan tilby digital førstehjelp til medlemsbedrifter i næringsforumet som treng hjelp til å registrere bedrifa på Google, Facebook, Instagram etc. Vi kan også rådje og hjelpe til å oppdatere produktpresentasjonar Fjord Norge sin nye digitale reiseplanleggar <https://www.fjordnorway.com/no/destinasjoner/alesund--geiranger> (gjeld medlemsbedrifter i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre).

Utvikling

Næringsforumsbedriftene spelar inn tema som det er viktig å samarbeide om i næringsforumet. Fjordhagen plukkar ut det som har interesse for fleire bedrifter og jobbar vidare med dette. Døme på slike utviklingsprosjekt som har vore/vert arbeidd med er:

- Mulege bustadsamarbeidsprosjekt mellom kommunen, Husbanken og verksemder
- Lærlingsatsing
- OpplevFjord.no nettportal
- Rivekart for Fjord kommune
- Handle lokalt-kampanje (film)
- Rekrutteringskampanje bærplukkarar
- Elektroniske infoskjermar
- Prosess for å finne ny renovasjonsleverandør
- Deltaking med felles stand på messa Fritid i Sparebanken Møre Arena i Ålesund
- Tettstadutviklingsprosjekt Valldal – koordinering av private bidrag innsamlingsaksjon og dugnadsarbeid
- Felles arrangementskalender i Fjord kommune både for verksemder og lag/organisasjonar
- Oppfølging av arbeid for å få Vinmonopolet til Valldal